

Notat

Dato: 29.06.2018
Arkivsak: 2015/10391-9
Saksbehandlar: jandamb

Til: Svein Leidulf Heggheim

Frå: Janne Damba

Administrative endringar i lokal forskrift om inntak og formidling

Tilgjenge for elevar til å søke permisjon frå opplæringa grunna langvarig sjukdom, svangerskap og andre grunnar var tidligare fastsett i opplæringslova § 3-1. Etter lovendringa vart dette fjerna. På bakgrunn av dette bør tilgjenge til å søkje permisjon bli tatt inn i den lokale forskrifta om inntak og formidling. Det vil ikkje vere ei endring i praksis, derfor vert det gjort eit administrativt vedtak.

Forslag til ny § 10 Permisjon frå vidaregåande opplæring

«Elevar som har ungdomsrett og som har teke imot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap eller sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Dersom permisjon blir innvilga, vil eleven ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3, 2. ledd. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det vert teke atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

Denne føresegna gjeld berre for offentlege skular.»

På grunn av endringa får alle andre føresegner i forskrifta etter § 10 nytt nummer.

Vedlagt ligg revidert lokal forskrift om inntak og formidling.

Vedlegg

1 Revidert lokal forskrift om inntak og formidling 2018